



Vest-Telemark PPT IKS

Årsmelding 2014

Vest-Telemark PP-teneste

PPT for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og for Telemark Fylkeskommune

Vest-Telemark PPT IKS Pedagogisk-psykologisk tenestekontor

Besøksadresse: Mylletorget, Garveriv. 14, Kviteseid **Postadresse:** Postboks 43, 3836 Kviteseid

Telefon: 35 06 83 00 **Telefaks:** 35 06 83 01 **Epost:** ppt@vest-telemark.no **Internett:** www.vesttelemarkppt.no
Org.nr. 987 570 806

1. Innleiing

I årsmeldinga for 2014 blir det gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2014. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2014 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord. Telemark fylkeskommune kjøper tenester frå Vest-Telemark PPT til sine skoler i regionen. Distriktet har etter endringar i 2014 nå 18 barnehagar, 16 barne- og ungdomsskolar. 3 av barnehagane og 2 av skolane med underavdelingar avdelingar andre stadar i kommunen. Det er 2 vidaregåande skolar i distriktet, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private.

PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid. Nissedal kommunes lønnsavdeling utbetaler lønn.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling.

2.3 Tilsette

Namn	Stillingsstorleik	Funksjon
Torunn Kittilsen	100 %	Dagleg leiar
Åse Brit Pedersen	100%	Sekretær
Elin Aakre Bringa	100 %	PP-rådgivar
Gørild Kanstad Botner	40 %	PP-rådgiver/pykolog
Sissel Kjeldal	100 %	PP-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 %	PP-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	60 %	PP-rådgivar
Einar Søreide	100 %	PP-rådgivar
Merete Tveitereid	100 %	PP-rådgivar

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT

Representantskapets medlemmar i 2014:

Jon Svartdal, ordførar i Seljord og leder for representantskapet for Vest-Telemark PPT IKS

Torstein Tveito, ordførar i Kviteseid kommune

Erik Skjervagen, ordførar, Fyresdal kommune

Halvor Homme, ordførar, Nissedal kommune

Arne Vinje, ordførar, Vinje kommune

Hilde Alice Vågslid, ordførar, Tokke kommune

Solveig Nekstad Grave, Telemark fylkeskommune

2.5 Styret si samansetning i 2014:

Per Dehli, Seljord, leiar, vara Sverre Sæter; Nissedal

Kjersti Bergland, Fyresdal nestleiar, vara Jan Myrekrok, Vinje

Ronde Schade, Seljord styremedlem, vara Kjersti Vevstad, Nissedal, Ellen Marie Prag ny vara frå 18. 03.14

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

"PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det" (§ 5-6).

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2014

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2014 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2014. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål: Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lærekandidatar med særlege behov.

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 1	Vurdering
PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage". <i>Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, kompetansehevingstiltak og organisasjonsutvikling.</i>	Alle kommunar er tildelt kontaktpersonar. Det er etablert fem fora for systemretta arbeid i barnehage. Dette fungerer godt og vil bli vidareført. Det er likevel nokre fora som arbeider betre enn andre. Koordinatoren for møta har ein svært viktig funksjon, jf. Vinje. Nokre stader er det mulig at det er for høg terskel for å melde opp saker til drøfting i FSB. Eit mål må vere å senke denne terskelen for å få til eit godt førebyggjande arbeid.
PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å førebyggje vanskar hos barn og for å legge til rette for barn med særskilde behov.	Som tidlegare er det stor aktivitet med omsyn til faglege tema som PPT orienterer og skolerer om i FSB(Forum for systemretta arbeid i barnehagar). Eksempel på faglige tema er: <ul style="list-style-type: none">• Barn som utfordrar oss• Barn som strevar i leik – voksnes rolle• Barn med språkvanskar• Tryggleikssirkelen• Diverse kartleggingsmaterieill• Ulike perspektiv på spesialundervisning Kompetanseutvikling skjer også gjennom kollegaretteing i desse nettverka, her nyttast også rettleiing ved hjelp av pedagogisk analyse. PPT har gjennomført ein kursdag for heile barnehagepersonalet i Vinje, andre kommunar var også inviterte inn, tema var» <ul style="list-style-type: none">• Barn og temperament».
PPT skal ha eit særlig ha fokus på korleis barnehagen med god tilrettelegging kan gi barn som har utfordringar støtte gjennom barnehagen sine kjerneaktiviteter. Følgje opp rettleiing frå FSB. <i>Haut 2014</i>	Som et ledd i PPT sitt Utviklingsarbeid 2013-2015 har vi dette året hatt særleg fokus på korleis tenesta kan bidra til førebygging og tidleg innsats i barnehagen. I denne forbindelsen er det prøvd ut ei ordning(pilot)i tre kommunar. Det er gitt rettleiing/oppfølging i barnehagen, til det personalet som er involvert i saken, i etterkant av drøftingar i FSB. Dette gjeld for saker som ikkje skal meldast til PPT for sakkunnig vurdering. Formålet er å kunne nå fleire av dei nære personane rundt barnet med rettleiing og slik kunne førebygge at vanskar utviklar seg. Ein har her særlig ha fokus på korleis barnehagen kan legge til rette for god utvikling for barnet gjennom å tilpasse barnehagen sine aktivitetar slik at barnet får nødvendig utviklingsstøtte.
PPT skal delta i Språknettverket i	Språknettverket har representantar frå alle kommunane PPT

Vest-Telemark.	samarbeider med. Det blir gjennomført 4-5 møter pr. år Møta er delt i læringsøkt og fokus tid. PPT opplever dette som eit nyttig nettverk for fagleg oppdatering.
----------------	--

Delmål 2

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 2	
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolar i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde god kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.</p> <p><i>Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"</i></p>	<p>Ein vesentleg arena for samarbeid og rettleiing er TPO-team. TPO-teama etablerast som resursteam på kvar skule. Kontaktpersonens oppgåver i TPO-team er :</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Saman med skolen jobbe for at det blir utvikla gode rutinar for å førebygge, avdekke og avhjelpe vanskar hos elevar som har særlege behov. ○ Drøfte og vurdere skuleinterne tiltak før tilmelding til PPT ○ Førtilmeldingssamtalar ○ Drøfte, samordne og vurdere tiltak for elevar med særlege behov ○ Oppfølging av elevar PPT arbeider med ○ Delta i drøftingar om aktuelle tema som skolen eller PP-tenesta tar opp. <p>For å gjere ordninga mindre sårbar ved evt. sjukdom og for større faglig utbytte har PPT to kontaktpersoner på kvar av dei «store» skolane. Korleis ordninga fungerer heng mykje saman med samarbeide med skolen sin leing, på kontinuitet i møta og på informasjonsflyt i den enkelte skule.</p>
<p>PPT skal prøve ut ordninga med fast kontakttid ved fleire skolar(10. stk. pr. januar 2014).Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolen når det er behov for rettleiing.</p> <p>I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn/rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring slik at tilmelding til PPT ikkje blir nødvendig.</i> • <i>Bistå ved å samene med</i> 	<p>Som et ledd i PPT sitt Utviklingsarbeid 2013-2015 er det innført ei ordning med kontakttid. Etter ein prøveperiode er det frå hausten 2014 innført ved alle skolane. Fordeling av tid til kvar skule er avhengig av elevtalet ved skolen. For dei største skolane stiller PPT fast 3-4 t, 2.kvar veke. Kontaktida kjem i tillegg til den tida som går til TPO-møter. Kontakttid organisering og tidsbruk 2014/2015</p> <p>166 Seljord bs 100 Seljord us 66 Flatdal bs 210 Kviteseid 27 Brunkeberg 27 Straumsnes 170 Tveit skule 12 Fjone 13 Kyrkjebygda 171 Tokke skule 78 Høydalsmo 86 Edland 163 Åmot 129 Rauland 33 Øyfjell</p>

<p>skolen analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet(analysemodellen)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kompetansespredning /Rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og • førebyggjande arbeid i forhold til psykiske lidinger • Bistå med tolking av kartleggingsresultat(skolen s eigen kartlegging) og gi råd om mulige tiltak innanfor ordinær opplæring(før ei evt. oppmelding til PPT) 	<p>175 Fyresdal Kvitsund 186 VT-vgo 192</p> <p>9 skoler kontakttid 3. t. 2. kvar veke 3 skoler 3.5 t+ TPO møte 7 til 10 g. pr. år 4-5 g. kontakttid 3.5 t og TPO-møter pr. år 2 kontakttid 3.5 t og TPO-møter pr. år</p> <p>Det er ei utfordring for PPT å belyse vanskar som blir tatt opp gjennom systemteoretisk tenking. Eit systemteoretisk perspektiv er svært viktig for å kunne jobbe førebyggjande. Her ser vi på korleis ein ved tilpassingar i skolens ordinære drift kan sikre godt læringsutbytte for elevane. Det er ein tradisjon for å rette blikket mot vanskar ved elevane, men med systemteoretisk vinkling analysere ein også korleis læringsmiljøet og lærestoffet er tilpassa elevane.</p> <p>Ordninga med kontakttid er ny og PPT arbeider med å vidareutvikle ordninga slik at tilbodet og samarbeidet blir best mogleg. Det har vist seg å være ein suksessfaktor at rektor er engasjert og legger til rette f.eks med vikar og slik muliggjør samtale med lærarane etter obs. etc. PPT vil halde fram med å utvikle sin kompetanse i systemteoretisk tilnærming.</p>
<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov. Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</p>	<p>Dette tema er gjenstand for drøfting på TPO- møta, men også i møte kring enkeltbarn. Dei fleste kommunar har no rutinar for å ivareta overgangar.</p>
<p>PPT skal delta i administrative og faglege systemtiltak. Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.</p>	<p>Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skoleeigar i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar.</p>

<p>Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 2</p>	
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde god kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar.</p> <p>Jmf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune, egne samarbeidsavtaler med private skoler.</p>	<p>Arbeidet er utført som omtalt. Tiltaksplan er utarbeidet for Vest-Telemark VGO. Det er tildelt kontaktpersoner til både Vest-Telemark VGO og Kvitsund gymnas.</p>

<p>PPT har fast kontakttid på vidaregåande skole (gjeld Vest-Telemark vgs).</p> <p>Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolen når det er behov for rettleiing.</p> <p>I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn/rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring slik at tilmelding til PPT ikkje blir nødvendig.</i> • <i>Bistå ved å saman med skolen analysere betingelser og konteksten rundt den enkelte elev (analysemodellen)</i> • <i>Kompetansespreiing /Rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggjande arbeid i forhold til psykiske lidingar</i> • <i>Bistå med tolking av kartleggingsresultat(skolens eigen kartlegging) og gi råd om mulige tiltak innanfor ordinær opplæring(før ei evt. oppmelding til PPT)</i> 	<p>Fast kontakttid er gjennomført ved Vest-Telemark vidaregåande skole. Tida er mellom anna nytta til observasjonar og tilbakemeldingar etter desse.</p> <p>PPT møter i T-råd og i andre faste samarbeidsfora ved skolane. Førebyggjande og avhjelpande tiltak har kontinuerlig vore i fokus i samtaler knytt til individualsaker og i sakkunnig vurdering</p> <p>PPT vil fortsette å ha fokus på å finne gode samarbeidsformar i kontakttida for fremme førebygging og å finne gode tilpassa løysningar for elevane.</p>
<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, læringar og lærekandidatar med særskilte behov.</p> <p><i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i></p> <p><i>Jf. Tiltaksplan Vest-Telemark vgo.</i></p>	<p>Fast kontaktmøte med Fagopplæringskontoret kvar haust. Fagopplæringskontoret har eit godt nettverk opp mot bedrifter i området. Elevane deltek på møte som gjeld eigen praksisplass. Samarbeidet fungerer godt.</p>
<p>PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til.</p> <p><i>Jf. Tiltaksplan vgo</i></p>	<p>PPT møter på T-leiarsamlingar, på samarbeidsmøter med administrasjonen og i andre fora der det blir gitt informasjon, og der tema som er viktig for vidaregåande skole og PPT blir drøfta. Det vore nokon færre leiar møter inneverande år. Samarbeidet er vanlegvis godt og nyttig.</p>
<p>PPT skal samarbeide med dei</p>	<p>Møta er gjennomført etter planen. Dette er ein viktig arena for å</p>

andre PPT-kontora i fylket, som yter tenester til dei vidaregåande skolane, for å utvikle ein eins praksis overfor skolane. Nettverksmøte inntil fire g. pr. år	samordne og skape likskap i PPTs tilbod til vidaregåande skolar i Telemark. Møta har det siste året hatt ein overvekt av informasjon, det er viktig løfte nettverktanken igjen og få fram læring via deling.
--	---

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2	
<p>PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestane har godt kjennskap til dei ulike tilboda og der igjennom kan bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid.</p> <p><i>Eks: Kompetansenettverket i Vest-Telemark(barnevernstenesta, familiekontoret, PP-tenesta, Bufetat)</i></p>	<p>«Kompetansenettverket» gjennomførte i 2014 ein konferanse kalla «Barn og brudd». Konferansen hadde godt fagleg innhald og samla mange menneske. Konferansen er eit godt eksempel på tverrfagleg samarbeid.</p> <p>Statped arrangerer frå 2014 årlege nettvekssamlingar for PP-leiarar. Formålet er å nå ut med orientering om Statped sitt tenestetilbod..</p> <p>Bup gjer endringar i sitt tenestetilbod. Det er uklart om dei vil fortsette med fast «utedag» i kommunane.</p> <p>Informasjonsflyt frå BUP til lokale samarbeidspartar er ei utfordring da den kunn er basert på at samarbeidspartane kommer til BUP (Notodden)for info. BUP gir ingen skriftleg informasjon til PPT om den utredninga som de gjennomfører. Samtidig fordrars det at PPT har gjennomført utgreiing og gir informasjon i forkant. Dette gjeld også saker som ikkje er melde til PPT på førehand.</p> <p>PPT er tvilsam til at praksisen med å ikkje gi noko skriftleg informasjon om utgreiinga til lokale samarbeidspartar er til beste for brukaren.</p>
<p>PPT vil gi informasjon om tenestetilbodet til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside. PPT formidlar aktuelt fagstoff på Facebook sida si (Vest-Telemark PPT).</p>	<p>I tillegg til heimesida har Vest-Telemark PPT opna ei Facebookside der vi fortløpande legg ut aktuelt fagstoff. FB sida har blitt populær og får stadig nye følgjarar.</p>

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3																																																																																											
<p>PPT skal gi informasjon til føresette, barnehage og skole om korleis den sakkunnige vurderinga er tenkt gjennomført og når sakkunnig vurdering er forventa ferdig. Utgreiingsplanleggar skal nyttast.</p>	<p>Det blir sendt ut plan til samarbeidsparter og føresette om når og kor observasjonar, testar og møte skal gjennomførast. Utgreiingsplanleggar har vist seg å bli svært godt mottatt av føresette og andre samarbeidspartar. Den har også vist seg å være eit godt hjelpemiddel for rådgivarane for å systematisere arbeide</p>																																																																																										
<p>Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med lovverk, Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet. Dette gjeld for sakshandsamingsprosedyrar, behandlingstid (3. mnd.), utgreiing og skriftleg framstilling.</p>	<p>I 2014 er det gjennomført 146 sakkunnige vurderingar. 139 av desse galt spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i barnehage og skole. I 65.5 % av utalene ble det anbefalt spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, mens i 34.5 % blei dette ikkje anbefalt. Tilsvarande tall for 2013 var ja i 61.5 % av sakene , nei i 38,5 % av sakene.</p> <p>Tilmeldingar til PP-tenesta</p> <table border="1"><thead><tr><th>År</th><th>1.g.tilm.</th><th>2.g.tilm.</th><th>tilm.totalt</th></tr></thead><tbody><tr><td>2014</td><td>58</td><td>76</td><td>134</td></tr><tr><td>2013</td><td>55</td><td>38</td><td>93</td></tr><tr><td>2012</td><td>127</td><td>52</td><td>179</td></tr><tr><td>2011</td><td>163</td><td>75</td><td>238</td></tr><tr><td>2010</td><td>142</td><td>66</td><td>208</td></tr><tr><td>2009</td><td>177</td><td>47</td><td>224</td></tr></tbody></table> <p>Det er 44 % auke i tilmeldingar frå 2013 til 2014</p> <p>Tilmeldingar til PPT</p> <table border="1"><thead><tr><th rowspan="2">Kommune</th><th colspan="2">2012</th><th colspan="2">2013</th><th colspan="2">2014</th></tr><tr><th>%</th><th>Stk.</th><th>%</th><th>Stk.</th><th>%</th><th>Stk.</th></tr></thead><tbody><tr><td>Fyresdal</td><td>8</td><td>14</td><td>15</td><td>14</td><td>13.4</td><td>18</td></tr><tr><td>Kviteseid</td><td>27</td><td>49</td><td>13</td><td>12</td><td>16.4</td><td>22</td></tr><tr><td>Nissedal</td><td>4</td><td>7</td><td>13</td><td>12</td><td>9.7</td><td>13</td></tr><tr><td>Seljord</td><td>12</td><td>21</td><td>23</td><td>21</td><td>14.9</td><td>20</td></tr><tr><td>Tokke</td><td>18</td><td>33</td><td>10</td><td>9</td><td>8.9</td><td>12</td></tr><tr><td>Vinje</td><td>25</td><td>44</td><td>20</td><td>19</td><td>29.8</td><td>40</td></tr><tr><td>Telemark fylkeskommune</td><td>6</td><td>11</td><td>6</td><td>6</td><td>6.7</td><td>9</td></tr></tbody></table>	År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt	2014	58	76	134	2013	55	38	93	2012	127	52	179	2011	163	75	238	2010	142	66	208	2009	177	47	224	Kommune	2012		2013		2014		%	Stk.	%	Stk.	%	Stk.	Fyresdal	8	14	15	14	13.4	18	Kviteseid	27	49	13	12	16.4	22	Nissedal	4	7	13	12	9.7	13	Seljord	12	21	23	21	14.9	20	Tokke	18	33	10	9	8.9	12	Vinje	25	44	20	19	29.8	40	Telemark fylkeskommune	6	11	6	6	6.7	9
År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt																																																																																								
2014	58	76	134																																																																																								
2013	55	38	93																																																																																								
2012	127	52	179																																																																																								
2011	163	75	238																																																																																								
2010	142	66	208																																																																																								
2009	177	47	224																																																																																								
Kommune	2012		2013		2014																																																																																						
	%	Stk.	%	Stk.	%	Stk.																																																																																					
Fyresdal	8	14	15	14	13.4	18																																																																																					
Kviteseid	27	49	13	12	16.4	22																																																																																					
Nissedal	4	7	13	12	9.7	13																																																																																					
Seljord	12	21	23	21	14.9	20																																																																																					
Tokke	18	33	10	9	8.9	12																																																																																					
Vinje	25	44	20	19	29.8	40																																																																																					
Telemark fylkeskommune	6	11	6	6	6.7	9																																																																																					

Alder for tilmelding til PP-tenesta

Alder	2012	2013		2014	
	%	%	Stk.	%	Stk.
0-2 år	3	2	2	1.5	2
3-5 år	15	18	17	17	23
6-9 år	25	14	13	30	40
10-12 år	23	13	12	18	24
13-15 år	18	27	25	18	24
16-18 år	11	12	11	4.5	6
19 - år	5	14	13	11	15

Det er ei markant auke i tilmeldingane i alderen 6-9 år. Dessutan også ei auke i alderen 10-12 år.

Vidare kan ein legge merke til nedgang i aldersgruppa 16 -18 år.

Type vanskar som er melde

Vanskar	2012	2013	2014
	%	%	%
Hørselshemma	3	2	1.5
Synshemming		2	0.7
Generelle lærevanskar	4	9	5.9
Samansette vanskar	3	10	6.7
Medisinske vanskar	4	2	1.5
Språkvanskar	38	22	32.0
Lese- og skrivevanskar	22	17	17.9
Matematikkvanskar	3	5	2.9
Sosiale- og emosjonelle vanskar	22	26	26.8
Utsett skolestart	1	3	1.5
Prematur	0	1	0
Anna	1	1	2.2

PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær tilpassa opplæring.

Alle sakkunnige vurderingar blir drøfta internt, dette med tanke på kvalitetssikring.

PPT har kontinuerlig fokus på at kvaliteten på både utgreiing og dokumentet sakkunnig vurdering skal være av så god fagleg kvalitet som mogleg. Hausten 2013 har vi innført ei ordning der alle utgreiingar blir drøfta i fagmøte, ordninga er vidareført i 2014. Med systematisk arbeid med felles refleksjon over sakene, er tanken at vi vil auke kvaliteten i både i utgreiing og tilrådingar. Ikkje minst håper vi å få ein større felles forståing når det gjeld å konkludere om tilråding av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og om omfang.

PPT skal i si vurdering bygge på ny evidensbasert kunnskap. Vurdering av læringsmiljøet skal ha auka fokus i TPO-arbeidet, førtilmeldingsarbeidet og dei sakkunnige vurderingane.

Sakkunnig vurdering skal gi godt grunnlag for utarbeiding av IOP/plan for spesialpedagogisk

Ny forskning stiller spørsmål ved gammal forståing/etablerte sannheit om spesialundervisning og rettar i større grad merksemda mot effekten av å inkludere alle i eit felles læringsmiljø. Det er derfor viktig at PP-tenesta tar den nye kunnskapen i bruk i sine utgreiingar og vurderingar. Dette fordrar at PPT må rette enda større merksemd mot læringsmiljøet. Vi har i Vest-Telemark PPT hatt dette fokuset gjennom fleire periodar, vi begynner nå å sjå resultatet av dette i arbeidet med sakkunnig vurdering. Å bygge sine tilrådingar på tiltak som ny forskning anbefaler gir også ein større tryggleik for at våre tilrådingar blir riktige.

<p>hjelp. Konkrete mål, tiltak og organisering av tiltaka skal komme tydeleg fram i vurderinga. Ev behov for særleg kompetanse bør komme fram.</p>	<p>PPTs rådgivarar stiller spørsmålet om korleis sakkunnig vurdering blir nytta av mottakar. Det ligger mykje informasjon i vurderingane som bør nyttast i tilpassinga av opplæringa for elevane som har hatt ei utgreiing, dette gjeld også i saker der ein ikkje anbefaler spesialundervisning for eleven.</p> <p>I nokre skolar kjem det fram at tilgangen til dokumenta er svært vanskeleg pga arkivrutinane.</p> <p>PPT gir rettleiing etter avtale når det er behov for det.</p>
<p>PPT er sakkunnig instans for vaksne med rett etter opplæringslova § 4A-2.</p>	<p>Det er ei avgrensa mengde slike saker. Det er likevel viktig å ha kompetanse på regelverk og ulike moglegheiter for denne gruppa. Det er oppretta eit fagnettverk for PPT tilsette i fylket som han ansvar for utgreiing av desse sakene. Dette for å auke kompetansen på området.</p>

Fokusområde: Internt arbeid

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sin kompetanse og sine strategiar for utføring av PP-tenesta sine oppgåver.

Tiltak knytt til Delmål 4	Vurdering
<p>PPT vil gjennomføre eit Utviklingsarbeid i perioden 2013-2015</p> <p>Gjennom utviklingsarbeidet/prosjektet «Tett på for tidleg innsats» ønskjer vi å vidareutvikle tenestetilbodet.</p> <p>Hovudmål for prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none">• PPT skal arbeide etter gjeldande sentrale styringsdokument, Meld. St.18, Fire forventningar til PP-tenesta• Kunnskap frå nyare forskning skal prege arbeidet vårt• Bidra til god kvalitet på ordinær opplæring og dermed til alle elevs læringsutbytte innanfor ordinær opplæring• Bidra til at omfanget av spes. undervising går ned <p>Meld. St. 18 rettar fokus på å vere tilgjengeleg, førebyggjande arbeid, tidleg innsats og kvalitet i tenesta.</p>	<p>PPT har arbeidet systematisk for å nå måla i prosjektet. Arbeidet er gjennomført ved systematisk sjølvstudie, intern skoloring, kurs, fagnettverk og ny praksis. Personalet opplever eigarskap til prosjektet. Her presenteras ein oversikt over arbeidet så langt:</p> <p>Tiltak vår 2014</p> <ul style="list-style-type: none">• Lågterskel tilbod og auka «tilstedeværelse», analyse av læringsmiljø. Frå januar 2014 Pilot i barnehage og skole, <u>«Kontakttid» på 10 skoler i distriktet.</u>• <i>Fagnettverk Telemark fortsett- Samarbeid mellom Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning og PPT i Telemark-Tema: Klasseleiing-2d.a 6 timar-nettverksamlingar</i>• <i>Vidareføre, evaluere og avslutte rettleiing om klasseleiing i to skoler.</i>• <i>Intern skoloring og oppfrisking, Analysemodellen brukt i rettleiing i skole og barnehage.</i>• Alle sakkunnige vurderingar blir drøfta i fagmøte<ul style="list-style-type: none">○ Korleis er læringsmiljøet belyst og vurdert○ Korleis er elevperspektivet belyst○ Er det mulig å sette inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring○ Spesialpedagogiske tiltak○ Konklusjon og tilråding <p>Tiltak haust 2014</p> <ul style="list-style-type: none">• Lågterskel tilbod og auka «tilstedeværelse», analyse av læringsmiljø. Frå januar 2014 Pilot i barnehage og skole. <u>«Kontakttid» på alle skoler i distriktet.</u>

	<ul style="list-style-type: none"> • Pilot i to kommunar med rettleiing i barnehagane Lågterskel, fokus på korleis «læringsmiljøet» kan leggst til rette med tanke på god utvikling for barn det er uro rundt. Bruke analysemodellen. • Etterutdanning for PPT, Nasjonal satsing på PPT, Vest-Telemark i samarbeid med PPT i hele Telemark: «Endringsarbeid og organisasjonsutvikling» 28. og 29.august., Faglig ansvarleg SePu • Alle sakkunnige vurderingar blir drøfta i fagmøte <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis er læringsmiljøet belyst og vurdert ○ Korleis er elevperspektivet belyst ○ Er det mulig å sette inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring ○ Spesialpedagogiske tiltak ○ Konklusjon og tilråding
<p>Det vil bli prioritert kompetanseheving/kurs som relaterer seg til aktuelt prosjekt.</p>	<p>Sjå punktet over. Det er ei utfordring å finne tid til å halde seg faglig oppdatert om ikkje dette bli sett inn ein samanheng, planfesta og setter av tid til dette.</p> <p>Tilsette har også deltatt i kurs om nytt testmateriell , ulike vanskeområde og deltatt på Interkommunal planleggingsdag. Kontaktperson i Nissedal følgjer same opplæring som lærarane inneverande år. Dette er prioritert for å kunne ha ein felles faglig ståstad i det daglege arbeidet.</p>
<p>PPT skal delta i fagnettverk for PPT tilsette i Telemark. Gjeld ulike nettverk som barnehagenettverket, vgo-nettveket, nettverk for vaksenopplæring, klasseleiing, mm</p>	<p>PPT har deltatt i nettverka etter oppsett plan. Nettverka er viktig for fagleg påfyll og for drøftingar om ulike faglege spørsmål og utfordringar ein står i innanfor dei ulike områda. Det er også eit slikt nettverk for PPT- leiarar. I tillegg til faglege drøftingar har vi i 2014 arrangert etterutdanning for alle tilsette i PPT Telemark.</p>
<p>PPT skal delta i prosjektet «Betre læring for alle elevar». Prosjektet retter fokus mot å auke kvaliteten på opplæringa i grunnskolen i Vest-Telemark og redusere andelen elevar med vedtak om spesialundervisning.</p>	<p>Prosjektet «Betre Læring» samstemmer godt med PPT eige utviklingsarbeid «Tett på for tidleg innsats». Mål og tiltak kan direkte overførast prosjektet «Betre Læring»(så punkt over). Felles fokus og mål for skolane og PPT er ein stor fordel for å lykkast. Dagleg leiar deltar i arbeidsgruppa og i styringsgruppa for prosjektet. PPT deltek også med to deltakarar inn mot rektornettverka som er oppretta i forbindelse med prosjektet. PP-rådgivarane arbeider i større grad, med ein systemteoretisk viking inn mot utfordringar i skolen.</p>

5. Driftsrekneskap 2014

Inntekter 2014	Utgifter 2014	Resultat 2014	Rev. budsjett 2014
7 280 513,35	7 026 313,69	329 524,78	7 172 005,00

5.1 Avvik

Året avvik er små.

Årets overskot ligg i mellom anna i postane 17100 Innbetalte sjukepengar kr. 88 537- større enn budsjettet. 19000 renteutgifter kr.25 413,- større enn budsjettet og 172924 meirverdiavgift kr. 54 797.35 større enn budsjettet. Dessutan påverkar eit mindreforbruk i kjøp av varer og tenestar resultatet.

5.2 Prioriterte oppgåver

Vi har prioritert fagleg etterutdanning av dei tilsette. Mellom anna med 2 dagars skoling for alle tilsett, vidare interkommunal planleggingsdag v. Thomas Nordahl for alle tilsette.

Vi har oppgradert arbeidsplassen for enkelte medarbeidarar med m.a. heve/senke bord, nye tastatur etc. Vidare har vi prioritert telefonar og ny telefonløyising for tilsette. Til møterommet er det kjøpt inn smart tv som skal erstatte bruk av projektor. Det er også gjort et løft på arbeidsmiljøside med tanke på oppbevaring og stolar.

5.3 Reneskapsmessige resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr. 329 524,78,-

Det er ei underdekning i investeringsrekneskapan på kr 27 242,00

Mindreforbruk til disposisjon er kr. 302 282,78

6. Oppsummering

I 2014 har PPT hatt stor fokus på å vidareutvikle sitt systemretta arbeid.

I Meld. St 18 (2010-2011) «Læring og fellesskap» har departementet uttrykt fire forventningar til PPT sitt arbeid som gir retning for utvikling av tenesta sitt systemretta arbeid.

- PPT er **tilgjengelig** og bidrar til heilhet og samanheng

PPT er opptatt av å skape gode relasjonar til innbyggjarane i kommunen og være synleg på lokalt nivå.

Tilgjengelegheit inneber å bidra med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp til barnehagar, skolar, foreldre, barn og elevar. Brukarane skal vite korleis ein kan få hjelp, kva slags hjelp ein kan forvente seg og når ein kan forvente å få hjelp.

- PPT **arbeider førebyggjande**

PPT arbeider førebyggjande slik at barnehage og skole i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar.

- PPT bidrar til **tidlig innsats** i barnehage og skole

Tidlig innsats forstås både som innsats på eit tidlig tidspunkt i et barns liv og tidlig inngripande når problem oppstår eller blir avdekt i førskolealder, i løpet av grunnopplæringa eller i voksen alder.

Tidleg innsats markerar prioritering av førebyggjande handling og styrking av kjerneaktiviteten i barnehage og skole.

- PPT er ein **fagleg kompetent** teneste

PPTs skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær tilpassa opplæring.

Desse forventningane ligg til grunn når Vest-Telemark PPT i 2014 har vidareutvikla sitt tenestetilbod. Fast kontaktid som er eit av verkemidla for å vere tilgjengeleg, jobbe førebyggjande og bidra til tidleg innsats er

svært godt mottatt. Det er også lagt stor vekt på fagleg skolering og etterutdanning som styrker kompetansen for dette arbeidet.